



Kopimottaker

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 14/1411 - 14/4524

Saksbehandlar:  
Kristin Ruud Myking  
kristin.ruud.myking@osteroy.kommune.no

Dato:  
20.03.2014

## Lonevåg SFO

### SØKNAD OM MIDLER TIL SFO OG NÆRMILJØKVALITETAR – LONEVÅG SKULE

For Lonevåg SFO er dette eit del prosjekt av eit større prosjekt i regi av kommune og frivillige organisasjonar. Med kunnskapen som er formidla av høgskulen i Bergen sidan oppstart og veiledning av fylkeskommune og folkehelsekoordinator har ein sett at ein vidareutvikling av eit allereie eksisterande friluftsområde er særskilt interessant. Området ligg berre to min i gangavstand frå SFO og er allereie opparbeidd med bryggje, gapahuk, kanostativ med 6 kanoar, aktivitetsområde med ulike stativ og eit skur for oppbevaring av materiell. I tillegg går det ein tursti forbi området.

Området blir nytta i dag, men ein ser potensiale i at dette arealet kan nyttast i mykje større grad framover. Det er fleire årsakar til at det ikkje blir nytta optimalt, det eine er at ein ikkje har ly for ein heil SFO. Det er ikkje mogleg å laga mat til ein heil SFO med den tida som ungane faktisk er på SFO. Ein har ikkje utstyr til å laga mat til så mange og heller ikkje utstyr å servera mat. Pga låg bemanning så er det vanskeleg å fylgje ungane tilbake på toalettet dersom det er behov for dette.

Området blir i dag ivaretatt av lokale frivillige aktørar som har ynskja meir involvering av kommunen. Etter møte med representantar frå grendaråd og idrettslag har ein sett at ynskja for området er mykje større enn SFO prosjektet kan klare åleine. Men for å vise at SFO prosjektet har katalysert ein prosess vel me å legge ved prosjektskissa for heile prosjektet.

Prosjektet er delt i to fasar. Fase 1a er tenkt å være finansiert 50 % av midlar ein søker om frå fylkeskommunen i dette prosjektet. Det er søkt midlar til fase 2 frå den naturlege skulesekken. Det er også tenkt å söke andre instansar mellom anna Sparebank Vest og Gjensidigestiftelsen.

#### FASE 1.

- a. Oppgradering av allereie eksisterande gapahuk, bygge grue der ein kan lage mat til mange og utstyr til dette – SFO og nærmiljø prosjekt
- b. Toalettbygg som er universelt utforma - byggas på dugnad finansieras av Bergen og omland friluftsråd
- c. Oppgradering av tilkomst slik at denne blir universelt utforma – finansieras av Bergen og omland friluftsråd, dugnad av Lonevåg idrettslag og Lonevåg helselag
- d. Planlegging av lyssetjing av området og tilkomst – Folkehelsekoordinator søker støtte i løpet av mars.

**FASE 2:**

Ein ynskjer på sikt at kan få eit større byggverk som kan huse 40 stk. Det er tenkt at dette skal være bygd som eit grindabygg slik at ein ivaretok byggetradisjonar frå Osterøy. Dette er hovedmålsetjinga over tid, me har satt opp 2016 som ein aktuell prosjektavslutning dersom ein kjem i mål med finansiering. Eit samarbeidprosjekt mellom alle dei aktørane som er i området og kommunen.

**MÅL:**

Det er eit ynskje om auka fysisk aktivitet og fokus på måltidet. Ei målsetjing er og å auke samarbeidet med lokale frivillige organisasjoner. Lonevåg Grendaråd, Vennskapsporten 4 H, Osterøy idrettslag og Lonevåg helselag er alle samarbeidspartnarar i dette prosjektet. Før prosjektet starta hadde dei gjort mykje frivillig innsats i område, det blir no forsterka ved at dette prosjektet blir realisert. Osterøy vidaregåande skule har også sagt at dei ynskjer å bidra inn i prosjektet. Som følgje av auka innsats og bruk av området så er det ei målsetjing at ein hindrar at ungdommar samlar seg i området og nyttar rusmidlar, som ein ser er ei utfordring i dag.

**BUDSJETT:****SFO-prosjekt – fase1.a**

POST	Timer /antall	UTPOST	INNPOST
Restaurering av gapahuk +benker og bord		30.000,-	
Grue + stativ		20.000,-	
UTSTYR:	ANTAL:		
Sitteunderlag	40	800,-	
Speiderkniver	40	3800,-	
Beskjæringsaks	5	1150,-	
Tallerken	50	500,-	
Kopp	50	500,-	
Bestikk	50	500,-	
Stekespade	2	400,-	
Aluminiumskjeler	2	1200,-	
Grillrist 80X100	1	2210,-	
Bakeplate, sett	1	1610,-	
Stekehelle		1150,-	
Wok + jernkjeler	3	1500,-	
		13820	
	SUM UT -UTSTYR	65320,-	
Planleggingsmøter:	4 stk x 6 timer	1000,-	
Kompetanseheving	4stk x 14 timer	14.000,-	

Møte med frivillige	3 stk x 3 timer	2250,-	
Folkehelsekoordinator	28 timer	9800,-	
SFO egeninnsats	28timer	8400,-	
Dugnad	3 stk 48 timer	36.000,-	
Osterøy vidaregåande	10 timer	3500,-	
	DIV SUM UT:	74950,-	
	TOTAL SUM UT:	140270,-	
Planleggingsmøter:	4 stk x 6 timer		1000,-
Kompetanseheving	4stk x 14 timer		14.000,-
Møte med frivillige	3 stk x 3 timer		2250,-
Folkehelsekoordinator	28 timer		9800,-
SFO egeninnsats	28timer		8400,-
Dugnad	3 stk 48 timer		36.000,-
Osterøy vidaregående	10 timer		3500,-
Osterøy kommune			320,-
Søknad om støtte HFK- Hdir			65000,-
SUM INN			140270,-

Søknaden vert politisk handsama i komité for oppvekst, idrett og kultur 26. mars 2014.

Vedlagt er:

prosjektplan og milepelsplan. Dette er skreven på Osterøy kommune sin mal, då dette prosjektet inngår i kommunen sine prosjekt for 2014.

Med helsing

Kristin Ruud Myking  
Folkehelsekoordinator

